

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 04.10.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Status båtambulanse sør**

**ARKIVSAK:** 2016/4305  
**STYRESAK:** **076/2017**

**STYREMØTE:** **27.10.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek den skisserte prosessen for båtambulanse sør til orientering.

## Oppsummering

Styret har gjort vedtak om korleis ambulanseområde sør skal dekkast med ambulansebåt. Arbeidet med å gjennomføre vedtaket er i gang, men dagens løysing må lysast ut mellombels grunna krav til offentlege innkjøp. Tilbodet på den mellombelse løysinga skal vere inne tidleg i november. Det kan ta omlag to år å etablere den framtidige løysinga med ein moderne båt i område sør.

## Fakta

Styret gjorde dette vedtaket i styremøte 18. november 2016:

1. Bilambulansetenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.
2. Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.
3. Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitalt området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.

Punkt 1 i styrevedtaket er gjennomført. Punkt 3 er også utført, og arbeidet med fase 1 i plan for prehospitalt tenester er i gang. Denne saka gjeld oppfølging av punkt 2 i vedtaket.

Vedtaket 18. november var eit resultat av prosjektet Båtambulanse sør. I ettertid av vedtaket har det vore arrangert ein dialogkonferanse med potensielle leverandørar, vore kontakt med maritimt miljø, vore arbeid med mandatet til kravspesifikasjon og arbeid med sjølv kravspesifikasjonen. Helse Førde skal ikkje kjøpe, eige og drive båten, men inngå ein tenesteavtale med til dømes eit reiarlag. Helseføretaket stiller med helsefagleg kompetanse frå ambulansetenesta, slik tilfellet er med to båtar i dag. I løpet av våren og sommaren vart det klart at arbeidet med å få på plass den nye båten ville ta så lang tid at det må arbeidast etter to spor:

- 1 – Få på plass ei mellombels løysing med to båtar (ein i Solund og ein i Askvoll) fram til endeleg båt er på plass.
- 2 – Arbeidet med kravspesifikasjon, utlysing, avgjerd, bygging og implementering av den nye båten.

Årsaka til at del 1 må gjennomførast er krav til offentlege innkjøp. Kontraktane og opsjonane på leveranse av dagens båttilbod i Solund og Askvoll er ikkje innanfor lov om offentleg anskaffelse utan ei ny mellombels utlysing.

Det er laga ein slik tentativ plan for framdrifta:



## **Konklusjon**

Det blir arbeidd etter ein tidfesta plan for å få på plass ny båtambulanse i Solund. I mellomtida må det lysast ut og etablerast eit mellombels tilbod i samsvar med dagens båtambulansetilbod i området. Dersom den mellombelse løysinga blir vesentleg dyrare enn i dag skal saka løftast tilbake til styret.